



Fylkesmannen i Telemark

Miljøvernavingdelinga

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunnar Djuvik, 35 58 61 67

Kontrollrapport

Kontrollrapport nummer:	2017.013.I.FMTE
Saksnummer:	2017/2189
Dato for kontroll:	24.05.2017

Informasjon om kontrollert verksemd

Namn: Hjartdal kommune, seksjon for drift og utbygging	Bedriftsnr.: 983631118 Føretaksnr. 964963649
Postadresse: Saulandsvegen 414, 3692 Sauland	Tlf/e-post: 35028061 / 97419966 morten.saether@hjartdal.kommune.no
Besøksadresse: Saulandsvegen 414, 3692 Sauland	Kommunenr / kommune.: 0827 / Hjartdal
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	Anleggsnr.: 0827.0015.02

Til stades under kontrollen:

Frå verksemda: Morten Sæther, fagsjef drift og utbygging Leif Thorsen, driftsoperatør Knut Olsen, Russmarken VA	Frå Fylkesmannen: Gunnar Djuvik
---	---

Kontrollomfang:

Kontrollen er ikkje ein uttømmende kontroll innan tilsynsområdet til Fylkesmannen, men er avgrensa til oppfølging av dei vesentligaste vilkåra i løyvet – endra versjon datert 01.03.2011- med hovudvekt på framdriftsplan for utbygginga, rapporteringar og internkontroll.

Innhaldet i kontrollrapporten:

Rapporten beskriv merknader og avvik som vart avdekt under kontrollen og som gjeld krav fastsett i:

- Forurensingsforskriften
- Internkontrollforskriften
- Løyve i medhald av forureiningslova

Resultat frå kontrollen

Fylkesmannen avdekte 2 avvik* under kontrollen. Det er gitt 1 merknad*. Sjå nærare omtale i rapporten.

Oppfølging frå verksemda etter kontrollen

Krava til dokumentasjon av oppfølginga og fristar for tilbakemelding går fram av oversendingsbrevet til denne rapporten.

Skien

16.08.2017

Gunnar Djuvik

sted

dato

Fylkesmannen i Telemark

(etter fullmakt, rapporten er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift)

* Avvik og merknad er definert på side 2 i rapporten

Definisjon - avvik:

Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga til dømes brot på krav i forureiningslova og/eller forskrifter heimla i denne, eller krav og vilkår fastsett i utsleppsløyvet.

Definisjon - merknad:

Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ta vare på helse, miljø og sikkerheit, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Informasjon om kontrollgebyr:

Fylkesmannen kan fastsetje gebyr for arbeid med løyve og kontrollar, jf. forurensningsforskriftens kapittel 39. Nærare informasjon om dette kan ein få via https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_12#KAPITTEL_12. Sjå vedtak om gebyr i oversendingsbrevet.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt:

Dersom Fylkesmannen ikkje mottar den skriftlege tilbakemeldinga innan den fristen som er fastsett, har vi høve til å fatte vedtak om tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt blir fatta med heimel i forureiningslova § 73. Ein eventuell tvangsmulkt kan bli fastsett som eit eingongsgebyr eller eit løpande dagsgebyr som gjeld så lenge ei tilbakemelding som godtgjer at avvik kan bli lukka, ikkje er teke imot.

Aktuelt regelverk:

Aktuelle heimlar for avvik som blir avdekt gjennom kontrollen:

- Forskrift om systematisk, helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften), av 6. desember 1996 med seinare endringar
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kapittel 14: Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser, av 13. mars 1981, med seinare endringar
- Løyve etter forureiningslova § 11 og §16 for Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt av 07.05.2010, endra 01.03.2011.

Sjå lover og forskrifter på heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no eller via www.lovdata.no og www.regelhjelp.no.

Avvik

Det vart funne følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskriften), § 5, andre ledd punkt 5, 6 og 7.
- Vilkår i løyvet, sist endra 01.03.2011.

Grunnlaget for avviket er skildra nedafor. Avviket er ikkje basert på ein fullstendig gjennomgang av internkontrollen.

Grunnlag for avviket:

- Det er uklare ansvarsforhold når det gjeld generell drift og oppfølging av avløpsanlegget, dette gjeld både ledningsnett og reinseanlegget.
Avvik frå: Internkontrollforskrifta §5, 2. ledd, pkt. 5 og vilkår 7 løyvet
- Det er ikkje etablert skriftlege rutinar for drift og vedlikehald av avløpsanlegget som del av kommunen sin internkontroll.
Avvik frå: Internkontrollforskrifta §5, 2. ledd, pkt. 7 og vilkår A 7 i løyvet.
- Miljøriskoanalyse for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande grunna manglande oppdatering sidan 2011. Det er ikkje utarbeid skriftleg rutine som del av kommunen sin internkontroll for gjennomføring av risikoanalyse og for oppdatering av analysen.
Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 6 og vilkår B 4 i løyvet
- Det er ikkje etablert ein skriftleg avvikshandsamingsrutine som omfattar ytre miljø.
Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 7 og vilkår B 3 i løyvet
- Framlegg til prøvetakingsplan er ikkje oversendt Fylkesmannen innan driftssetting.
Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 7 og vilkår A 6.4 i løyvet
- Det ligg ikkje føre oppdaterte teikningar og flytskjema for reinseanleggsdelane og av interne leidningar knytt til sjølve reinseprosessen.
Avvik frå: Internkontrollforskriften §5, 2. ledd, pkt. 7 og vilkår A 1.2 i løyvet

Kommentarar

- Utgangspunktet er at dette er eit løyve for eit anlegg som er omfatta av krav i kapittel 14 med omsyn til utforming, drift, reinsing osv. og at løyvet etter søknad er gjeve til Hjartdal kommune. Dette tilsynet er difor retta mot kommunen som kontrollert verksemd. Utsleppsramma i løyvet etter forureiningslova § 11 er om lag 1900 fritidsbustadeiningar, svarande til om lag 4370 personekvivalentar (pe) på årsbasis og 9700 pe rekna som maksimal last over ei veke.

Fylkesmannen har tidlegare registrert at det truleg er ulik oppfatning av ansvarstilhøva, noke som og var av ei årsak til at dette tilsynet vart gjennomført. Til dømes visar rapportering via Altinn for driftsåra 2015 og 2016 at det har vore stilt spørsmål ved om kommunen skal rapportere som innehaver av løyvet eller om det er utbyggjar som skal rapportere som eigar av anlegget. Det er slik vi oppfattar det jamvel uklart mellom desse to partane om ein skal sjå på anlegget som eit kapittel 14- eller eit kapittel 13- anlegg.

Det ble ved tilsynet lagt fram to dokument som gjeld 1) Samarbeidsavtale mellom Hjartdal kommune og Russmarken VA AS (RVA) for drift av kommunaltekniske anlegg og 2) Serviceavtale mellom RVA og firma Fjellrens AS for forfilter- og infiltrasjonsanlegg for inntil 500 hytter i perioden 2016-2019.

Samarbeidsavtalen gjeld ikkje sjølve reinseanlegget. Serviceavtalen involverer ikkje kommunen. Ingen av avtalene har tidlegare ikkje vore kjent for Fylkesmannen.

I samarbeidsavtalen mellom RVA og kommunen ser vi at det er fleire moment som etter vår vurdering gjer denne uklar. Dette gjeld mellom anna på kva for tidspunkt avløpsanlegget skifter status frå å vere under utbygging i regi av eigar RVA og til å bli overlevert for offentleg eige, drift og vedlikehald og godkjent av kommunen i samsvar med krava til sluttdokumentasjon i bilag i avtalen. Det er mellom anna uklart om ein legg til etappevis overtaking av dei kommunaltekniske anlegga som vert omfatta av avtalen eller overtaking når anlegga er ferdig utbygd. Vi kan ikkje sjå at dette vert avklart i avtala, og vi er heller ikkje kjent med kva som no er status for kommunal overtaking av driftsansvaret. Det er ikkje utarbeid skriftlege rutinar i internkontrollen for oppfølging av ansvar og oppgåver som går fram av avtalen. Det går ikkje fram av avtalen om denne også omfattar reinseanleggsdelen av avløpsanlegget i Russmarken/ Kovstulheia rensedistrikt, definert som forfilter/ biologisk anlegg og infiltrasjonsanlegget. Det er eit punkt i samarbeidsavtalen under avsnittet Øvrig dokumentasjon som refererer til driftsinstruks for reinseanlegget og protokoll frå igangsetting av drift av anlegg samt dokumentasjon av krav til arbeidsmiljø, men det er ikkje kjent for Fylkesmannen om slike dokument er utarbeidd seinare.

I serviceavtalen mellom RVA og Fjellrens AS vert Fjellrens sitt ansvar for drift, prøvetaking, rapportering mv omtalt med nærare spesifiserte oppgåver. Fylkesmannen er som forureiningsmynde ikkje kjent med i kva grad dei viste oppgåvene vert utført ettersom vi ikkje har motteke rapport om drifta av anlegget og resultat av vassprøvetakinga. Når det gjeld prøvetaking som vist til i avtala er det utarbeidd prøvetakingsplan datert 08.12.2014. Planen er misvisande då den syner til at dette er eit anlegg som er omfatta av forurensingsforskriften kapittel 13. Prøvetakingsplanen syner dei aktuelle kjemiske, biologiske og hygieniske parametre og tidspunkta for prøvetakinga. Men det er ikkje knytt nokre internkontrollrutiner til planen, og det er såleis uklart kven som skal ta prøvane og kven som har ansvar for vurdering av resultat og for rapporteringa til aktuelle partar. Det er ikkje lagt opp til anna form for prøvetaking enn vatn frå tre stader i elv-/ bekkevatt, og det er ikkje grunngeve kvifor ein ikkje har etablert grunnvassbrønn. Det er heller ikkje noke i prøvetakingsplanen som refererer til tilførte vassmengder til infiltrasjonsanlegget. Sjå eige avvik 2 a om dette. Prøvetakingsplanen vert såleis frå vår side, kun å rekne som mellombels prøvetakingsplan inntil ein får meir røynsle med planen. Denne planen har elles ikkje vore førelagt Fylkesmannen tidlegare, sjå eige avvik 1 e om dette.

- b) Verksemda opplyser at dei er på runde på alle pumpestasjonane i rensedistriktet kvar veke, tidvis oftare, og fører driftsjournal, men har ikkje skriftlege rutinar for dette i verksemda sitt internkontrollsystem. Verksemda opplyser at dei i praksis ikkje har noko form for oppfølging av reinseanleggsdelen av avløpsanlegget, og det er ikkje skriftlege rutinar for drift og vedlikehald i internkontrollen.
- c) Det er gjennomført ei miljørisikoanalyse i form av Risiko- og sårbarhetsanalyse for prosjektet Kovstulheia- Russmarken avløpsanlegg datert 31.05.2011 og denne er ble da oversendt til Fylkesmannen 07.06.2011. Vi kommenterte denne analysen ved brev 15.06.2011 slik:

Vi noterer oss innhaldet. Vurderinga må inngå i internkontrollsystemet for drifta av reinseanlegg og leidningsnett med tekniske installasjonar. Det er viktig at rutinar for handtering av avvik i drifta av reinseanlegget og tilhøyrande leidningar og installasjonar vert knytt opp til risikovurderingane. Kommunen må oppdatere risikovurderingane når endringar i føresetnadene gjer dette aktuelt. Dette vil vere eit viktig tema ved kontroll frå Fylkesmannen i ettertid.

Risikoanalysa er ikkje oppdatert sidan 2011, og vi reknar soleis denne til å vere mangelfull ettersom føresetnadene no er vesentleg endra ved at store deler av hovudleidningsnett er etablert og ved at reinseanlegget er utbygd slik at ein no har fått røynsle frå drifta.

- d) Det er uklart kva som skal rapporterast som avvik når det gjeld ytre miljø, og det er ikkje etablert ei skriftleg rutine i internkontrollen for dette. Verksemda må etablere ei rutine som mellom anna skildrar kva som skal rapporterast som avvik.
- e) Prøvetakingsplan 08.12.2014 vart motteke på tilsynet. Sjå kommentarar under punkt a).
- f) -

Avvik 2: Verksemda har ikkje tilfredsstillande kontroll med begrensing av ureining frå avløpsanlegget

Avvik frå:

- Forurensningsforskriften § 14-5 avløpsnett og § 14-10 utforming og drift
- Løyve vilkår A 6.2, A 6.3 og A 9

Grunnlag for avviket:

- a) Vassmengd som vert reinsa vert ikkje registrert.
Avvik frå løyvet vilkår A 6.2
- b) Avlasta vassmengd ved overløp i og ved reinseanlegget vert ikkje registrert.
Avvik frå løyvet vilkår A 6.3
- c) Kommunen har ikkje rapportert utsleppsdata via Altinn for driftsåret 2016 og berre delvis for 2015.
Avvik frå løyvet vilkår B 9.
- d) Kommunen har ikkje rapportert årleg til Fylkesmannen om kor mange løyve til tett tank som vart gjeve i føregåande året.
Avvik frå løyvet vilkår A 9

Kommentarar

- a) -
- b) Dette avviket gjeld vassmengd som vert ført frå pumpekum utanom reinseanlegget og fram til det lokale infiltrasjonsanlegget under barkfilter ved reinseanlegget. I displayet i kontrollrom er denne leidningen heller ikkje vist.
- c) Vi er kjent med at grunnlaget for rapportering for 2015 og 2016 mellom anna har vore prega av usikre registreringar og uavklarte ansvarstilhøve.
- d) Etter at tilsynet vart gjort har vi motteke oversikt over løyve til utslepp for avløpsvatn til tett tank for perioden frå og med 2011 til mars 2017, jf. vilkår 9 i løyvet

Merknader

Fylkesmannen har gjeve følgjande merknader:

Merknad 1: Registrerte opplysningar om vassmengder i pumpestasjonane er usikre.

Kommentarar: Det er i følgje opplysningar ved tilsynet truleg feil kalibrering av utstyr for registrering/ visning av vidarepumpa vassmengder i dei tre pumpestasjonane som vart sjekke, dvs. PS 1, PS 6 og PS 10/0. Det vart opplyst at PS 1 visar reelle vassmengder, medan dei to andre visar feil.

Vedlegg 1

Dokumentunderlag frå verksemda

Følgjande materiale vart etterspurt før tilsynet ved e-post 11.05.2017

- Internkontroll, ansvar, avtaler, avviksbehandling, risiko.
- Internkontrollrutiner/- prosedyrer for drift og vedlikehold av anlegg/ ledningsnett/ installasjoner.

Dokument som gjeld desse tema var imidlertid ikkje gjort kjent for Fylkesmannen innan tilsynet.

Følgjande dokument vart motteke av Fylkesmannen ved tilsynet:

- Samarbeidsavtale mellom Hjartdal kommune og Russmarken VA AS om drift av kommunaltekniske anlegg i Russmarken/ Kovstulheia rensedistrikt inkludert bilag 1 om krav til sluttdokumentasjon, udatert
- Serviceavtale mellom Russmarken VA AS og Fjellrens AS for forfilter og infiltrasjon Russmarken, april/mai 2016
- Prøvetakingsplan m/ kartskisse over prøvetakingspunkt Gjuva, datert 08.12.2014
- Tabelloversikt tett tanker, Russmarken 135 totalt 139
- Tabelloversikt abonnenter tilkoblet ledningsnettet
- Kartskisse, status for tilknytning av områder
- Tegninger/ situasjonsplan for pumpestasjonene PST 1, 2, 3, 4, 5, 6 og PST ra. D
- Profiltegninger/ innmåling grøfter for overføringsanlegg

Følgjande dokument er motteke etter tilsynet:

- Oversikt over løyve til utslepp for avløpsvatn til tett tank for perioden frå og med 2011 til mars 2017, jf. vilkår 9 i løyvet.